

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svart slik:

«Interpellasjonen til SV beskriv på ein god måte dei utfordringar samfunnet vårt har med herrelauast avfall og plast i naturen. Mange aktørar er no på banen både nasjonalt og i fylket vårt for å jobba med problemstillinga.

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde 23.02.2017 følgjande vedtak:

*Plast som er kasta i naturen er eit stort naturproblem. Det er eit problem i seg sjølv fordi mykje av plasten kan innehalde giftige tilsetningsstoff som kan leke ut. Eit anna problem er at fuglar og dyr kan skade seg på det, ved enten å ete det, eller setje seg fast i avfallet. Etter at ein sjeldan kval nyleg døde som følge av inntak av store mengder plast har mange frivillige engasjert seg for å samle inn plast som ligg slengt i naturen. Dette avfallet må handterast. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til dugnaden.*

*Fylkesutvalet set av 750 000 kroner til tiltaket, Midlane skal kanaliserast gjennom Bergen og omland friluftsråd for tiltak i heile Hordaland.*

For 2018 vart ytterlegare 1 million kroner gjeve frå Fylkestinget til BOF til same tiltak med opprydding av såkalla herreløst avfall på strender i Hordaland.

Desse midlane og arbeidet har gjeve resultat slik at «Vestlandsmodellen» til BOF har fått nasjonal merksemad og BOF har også fått fleire millionar kroner frå den nasjonale «ryddepotten» BOF driftar 230 friluftsområde for 17 kommunar i Hordaland, og er vorte ein viktig aktør i arbeidet med marin forsøpling.

Fylkeskommunen gjev gjennom spelemiddelordninga tilskot til kunstgrasbanar, som er ein av dei store bidragsytarar av plastgranulat til naturen. Her blir det jobba med meir miljøvenlege løysingar på lokalt og nasjonalt nivå.

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med dei 3 andre fylkeskommunar i Vestlandsrådet sidan hausten 2017 jobba med marin forsøpling. Dette har gjort at Vestlandsrådet løyva kr 500 000 i 2018 til ein prosjektstilling til å samordna dette betre på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune har alt i dag godt samarbeid med Bergen kommune og forskinga gjennom UNI Research om plastforsøpling og fleire av våre vidaregåande skular har vore involvert i forskings- og ryddeprosjekt. Det er sett av kr 100 000 på klimabudsjettet til at vidaregåande skular etter søknad skal få stønad til å setja i gang slike prosjekt i 2018-2019.

EU-kommisjonen har nett kome med sin plaststrategi der EU ønskjer å forby all plast til eingongsbruk der det er alternativ. Bergen er i desse dagar i ferd med å vedta sin eigen plaststrategi.

Slik SV foreslår er det eit godt forslag at Hordaland fylkeskommune utarbeider sin eigen plaststrategi. Dei kjem også med gode framlegg om moglege tiltak i ein slik handlingsplan og foreslår at planen skal vera klar innan 2018.

Når ein slik plan kan vera klar er litt avhengig av omfang og ressursbruk. Nedskjeringar i HFK har bl.a. medført at Klima- og naturressursseksjonen har redusert administrativ kapasitet med 0,4 stilling frå 1.1.2018 og får ytterligare reduksjon med 0,4 stilling i november. Omfang av strategien og tid for ferdigstilling av plaststrategien vil avheng av ressursar i administrasjonen. Administrasjonen jobbar med sikte på å få Vestlandsrådets 50% engasjementstilling til Hordaland supplert med ein halv stilling slik at det kan lysast ut ei full stilling. Administrasjonen vil kunne ha framlegg til plaststrategi første del av 2019.»